



Arkivnr: 2014/23340-114

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------|--------|------------|
| Klagenemnda | | 20.10.2015 |

Klagesak- Klage på avslag på søknad til tilsot "Lokale klima- og miljøtiltak 2015"

Samandrag

Bergens Seilforening søkte 13.11.14 om tilskot til prosjektet sedimenteringsanlegg i Kviturspollen, Hjellestad. Søknaden var retta mot ordninga «lokale klima- og miljøtiltak 2015». Søknaden fekk avslag i brev 29.05.15. Søkjar har klaga på vedtaket i e-post datert 03.06.15.

Fylkesdirektør regional har som underinstans vurdert klaga og funne å oppretthalda sitt vedtak om avslag på søknad frå Bergen Seilforening.

Fylkesrådmannen har vurdert saka og klagen og rår til at klage frå Bergen Seilforening på fylkesdirektør regional sitt vedtak om å avslå søknad om midlar frå ordninga "Lokale klima- og miljøtiltak 2015" ikkje vert teken til følge.

Forslag til vedtak

Klage frå Bergen Seilforening på fylkesdirektør regional sitt vedtak om å avslå søknad om midlar frå ordninga "Lokale klima- og miljøtiltak 2015" vert ikkje teken til følge.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.09.2015

Saksgang

Bergens Seilforening søkte 13.11.14 om tilskot til prosjektet sedementeringsanlegg i Kviturspollen, Hjeltestad. Søknaden var retta mot ordninga «lokale klima- og miljøtiltak 2015». Søknaden fekk avslag i brev 29.05.15. Søkjar har klaga på vedtaket i epost datert 03.06.15. Sakshandsamar har opplyst at det vart snakka med søkjar på telefon påfølgjande dag. Søkjar stadfesta at klaga vert opprettheldt. Det kom ikkje fram nye opplysingar i denne telefonsamtalen.

Fylkesdirektør regional har som underinstans vurdert klaga og funne å oppretthalda sitt vedtak om avslag på søknad frå Bergen Seilforening.

Det er gjort slikt vedtak:

"Vi vurderer ikkje at det er komne nye opplysningar i saka. Fylkesdirektør for regional utvikling opprettheld vedtak om avslag."

Etter forvaltningslova sin § 28 kan enkeltvedtak påklagast av "part eller annen med rettslig klageinteresse". Part i ei sak er i følgje forvaltningslova, person som vedtaket direkte rettar seg mot, eller som saka elles direkte gjeld. Vedtaket av 29.05.2015 rettar seg mot Bergens seilforening og som har derav har klagerett. Klaga vart meldt innan fristen på tre veker og er rettidig.

Om ordninga

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak er ei ordning som er finansiert gjennom fylkeskommunen sitt budsjett. Under «716 Friluftsliv og miljø» i budsjettet for 2015 står det følgjande om ordninga:

Miljø

Kultur- og ressursutvalet vedtek årleg handlingsprogram. Tildeling av tilskotsmidlar vert gjort administrativt. Det er ført opp kr 750 000 på posten i 2015. Etter vedtak i Fylkesutvalet er kr 200 000 øyremarka tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Kr 100 000 er sett av til Miljøpris for Hordaland og då er det kr 450 000 att til lokal innsats for klima og miljø. Denne ordninga er veldig populær og det vart søkt om det mangedobbelt ved tildelinga i 2014. Midla blir nytta til konkrete miljøtiltak i lokalsamfunn i heile fylket.

I talbudsjettet står det oppført 761 000 kr på denne posten for 2015 og dette er det gjeldande beløpet for posten. I referatsak (RS4/2015) til Kultur- og ressursutvalet 22.01.15 vart fordelinga av midlar for 2015 gjort greie for i samsvar med budsjettvedtaket over. 481 000 kr vart sett av til lokale klima- og miljøtiltak for 2015.

På bakgrunn av tidlegare års løyvingar og føremålet med løyvinga som gjeve i budsjettvedtaket vart det utforma ei tilskotsordning for 2015. Denne vart lyst ut 06.03.15 med søknadsfrist 01.04.15. med følgjande formål og retningslinjer:

Formål

Formålet med tilskotsordninga er å fremme lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling av fylket. Ordninga omfattar prosjekt innanfor miljø, klima, natur og biologisk mangfald. Prosjekt som har ei lokal forankring og er handlingsretta vil bli prioritert.

Kva kan støttast

Ordninga omfattar konkrete utgifter til tiltak. Tiltaka må ha miljø som hovudformål.

- a) konkrete tiltak som vil betre miljøet i fylket, gjennom til dømes betre tilhøve for levande organismar, reduserte klimagassutslepp, opprydding av forureining eller liknande.*
- b) utgifter til haldningsskapande arbeid eller auka kunnskap og merksemd for eit meir berekraftig og miljøvennleg fylke.*

Støttenivå var sett opp til 50 000, høgare løyvingar kunne vurderast i særskilde høve.

Fullstendig utlysingstekst finn ein her: <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Regional/Lokal-agenda/> (ta kopi).

Totalt vart 30 søknadar handsama gjennom ordninga med lokale klima- og miljøtiltak i 2015. Den totale søknadssummen var 1 559 080 kr. Den største løyvinga var 70 000 kr og den minste 1 700 kr. Storparten var mellom 20 000 og 30 000 kr. 13 av søknadane fekk avslag og av desse var det to seglforeiningar, Bergens og Os.

Vurdering av klagevilkår

Etter forvaltningslova sin § 28 kan enkeltvedtak påklagast av "part eller annen med rettslig klageinteresse". Part i ei sak er i følgje forvaltningslova, person som vedtaket direkte rettar seg mot, eller som saka elles direkte gjeld. Vedtaket av 29.05.2015 rettar seg mot Bergens seilforening og har dimed klagrett. Klagen vart meldt inn innanfor fristen på tre veker og inneheld dei opplysingane som det er stillt krav om avslagsbrevet. Det er ikkje meldt om feil i sakshandsaming eller andre tilhøve som kunne gjere vedtaket ugyldig.

Klage

Bergens seilforening si klage sendt i e-post 3.juni 2015.

"Jeg ser hva det står i brevet men jeg vil benytte meg av muligheten for å klage på vedtaket med bakgrunn i Fylkesmannens uttalelse om vår reguleringsplan.

Kviturspollen er definert som et såkalt «sårbart» område og Bergens Seilforening er svært opptatt av å skåne miljøet i størst mulig grad. Da vi bygget nytt klubbhus implementerte vi et nytt sedimenteringsanlegg i denne forbindelsen med bakgrunn i tidligere uttalelser fra VA, Bergen Kommune, grønn etat samt Fylkesmannen. Sedimenteringsanlegget hadde en kostnadsramme på kr. 500000.- og er i dag i drift.

Vi hadde for 2 år siden en befaring i samarbeid med SFT som det tidligere het (i dag heter vel det klima og miljø) og fikk der en klar anbefaling om å iverksette et slikt tiltak da det den gang ble formidlet at dette ville komme som et krav for alle båtforeninger. Som første Seilforening i landet så vi at vi kunne bli en forening som gjennomførte dette som et «pilotprosjekt» til eksempel for andre foreninger.

Vi håper at hfk kan vurdere dette på nytt med bakgrunn i mine kommentarer.

Fylkesdirektør regional si vurdering.

Vurdering av søknaden

"Søknaden fekk avslag i brev 29.05.15 med følgjande grunngjeving «Vurdert i høve til øyremerking av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar er vi kome til at vi ikkje kan medfinansiere prosjektet.» Frå vurderinga gjort internt i sakshandsaminga er det gjort følgjande utfyllande vurdering:

«Formålet med prosjektet fekk inn under verkeområdet til tilskotsordninga under punkt a) konkrete tiltak som vil betre miljøet i fylket, gjennom til dømes betre tilhøve for levande organismar, reduserte klimagassutslepp, opprydding av forureining eller liknande.

Søkjjar er varsla om at tiltaket truleg vil bli lovpålagt. Prosjektet har høge kostnader.»

I sakshandsaminga er det prioritert tiltak som genererer ny og auka aktivitet i lokalmiljø og frivillig baserte prosjekt, då det er venta å inkludere fleire og gi større ringverknader med tanke på å endre og utvikle haldningar og kunnskap om berekraftig utvikling. Det er òg vurdert at ein får meir aktivitet og engasjement ut av å støtte fleire små prosjekt framfor få store. Sidan dette er eit tiltak som truleg vert lovpålagt stimulerer ikkje tiltaket aktivitet utover det som uansett ville hendt og vert dimed nedprioritert.

Vurdering av klaga

På telefonsamtale med klagar opplyste sakshandsamar om at vi ikkje har kjennskap eller tilgang til fylkesmannen si fråsegn om reguleringsplanen. Det vart frå klagar ikkje konkretisert kva som står i fråsegna som er bakgrunn for klagen. Sakshandsamar ser det som lite sannsynleg at det vil komme fram nye opplysningar i fråsegna som vil endre opprinneleg vedtak i saka. Vi vurderer saka som tilstrekkeleg opplyst og har gjeve høve til kontradiksjon i sakshandsaminga.

Vi ser ikkje at det er kome fram opplysningar i klagen som innverkar på dei prioriteringane mellom prosjekt som vart gjort i sakshandsaminga av søknadane. Tiltaket er positivt og fell inn under formålet med ordninga, men kjem ikkje opp i prioriteringa då tiltaket er varsla lovpålagt, ikkje genererer ny aktivitet utover allereie planlagde aktivitetar og har høge kostnader.

Konklusjon

Fylkesdirektør for regional utvikling har vurdert saka på nytt og kan ikkje sjå at det er framført nye opplysningar i klagen som gjev grunnlag for omgjering av vedtaket."

Fylkesrådmannen si vurdering.

Ved vurderinga av søknaden og klaga er det lagt til grunn at tiltaket er positivt og fell inn under formålet med ordninga, men kjem ikkje opp i prioriteringa då tiltaket er varsla lovpålagt, ikkje genererer ny aktivitet utover allereie planlagde aktivitetar og har høge kostnader.

På grunnlag av saka sine dokument og opplysningar, vurderer fylkesrådmannen det slik at tildelingane er gjort i tråd med dei oppgjevne retningslinene for prioritering av søkjarane. Skjønnsutøvinga ved prioriteringa mellom søkjarane framstår som saklig og forsvarlig, utan å komme i strid med ulovfesta skrankar for skjønnsutøvinga. Det er etter fylkesrådmannen si oppfatning derfor ikkje grunnlag for å fråvika den vurderinga som fylkesdirektør regional har gjort.

Det må og nemnast at ei omgjering i denne type saker, der det er tale om tildeling av midlar innanfor eit avgrensa budsjett, ville kunna føre til at ein eller fleire andre søkjarar får trekt tilbake sine tildelingar. Terskelen for å ta klagen til følge vil dermed vera høgare enn i andre klagesaker. Dette spesielt dersom søknadssummen er høg.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klaga inneheldt nye opplysningar som kan få innverknad på den skjønnsvurdringa som er gjort i høve søknaden frå Bergen Seilforening.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at klage frå Bergen Seilforening på fylkesdirektør regional sitt avslag på søknad om tilskot ordninga "Lokale klima- og miljøtiltak 2015" ikkje vert teke til følge.